



SLT Politiråd Luster og Sogndal (LS) – Handlingsplan 2020 -2022

Organisering:



- A. Styringsgruppa:
Politirådet i Sogndal og Luster kommunar
- B. Koordinerende nivå:
Luster: Familieforum, Sogndal: SLT gruppa.
- C. Utøvande nivå:
Skular og barnehagar, politi, lokalt næringsliv, frivillige org., mm.

Rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak (tidleg innsats for sårbare barn og unge) Versjon 08.05.2020		
Satsingsområde/Tiltak	Beskrivelse	Ansvar
1. Kunnskap og kompetanse om oppvekst og kriminalitetsbildet		
Tiltak 1-1 Politiråd LS	<p>Fire møter pr. år. Politirådskoordinator kallar inn og skriv referat (referata er offentlege). Aktuelle frå tenesteeiningane i kommunane samt eksterne samarbeidspartar blir invitert til møta. Hensikta er å utveksle informasjon, kompetanse, koordinere og betre det kriminalitetsførebyggande arbeidet, samt fange opp negativ utvikling på eit tidleg stadium. Referat blir sendt til koordinerende nivå i kvar kommune og til styret i Nattugler.</p> <p><i>Ref. politirådsavtalen pkt. 5-1.</i></p>	Politirådskoordinator
Tiltak 1-2 Utviklingstrekk	<p>Politiet presenterer utviklingstrekk og endringar dei erfarer og som dei får kunnskap om ¹. Aktuell informasjon frå politiet er fast tema på møta.</p> <p>Kommunane må sjølve kartleggja og rapportera utviklingstrekk og endringar dei erfarer og som dei får kunnskap om, i sine lokalsamfunn.</p>	Kommune Politi
Tiltak 1-3 Oppfølging av Ungdata	<p>Undersøkinga har erfaringsvis vorte gjennomført i begge kommunane samt vidaregåande skule kvart 2. år. Undersøkinga gjev oss gode haldepunkt for korleis ungdommen har det. Resultat frå granskinga blir drøfta i Politiråd og på koordinerende nivå i kvar kommune. Koordinerende nivå i kommunane følgjer opp i sin kommune.</p>	Politirådskoordinator Kommune *Neste UngData er planlagt i 2021
Tiltak 1-4 Politirådskoordinator deltek i møter på koordineringsnivå i kommunane v/behov	<p>For å få god informasjonsflyt på tvers vil Politirådskoordinator delta i møter på koordineringsnivå i sin kommune (Luster). SLT-koordinator i Sogndal deltek i Politiråd som fast medlem og på koordinerende nivå i Sogndal.</p>	Politirådskoordinator SLT – Koordinator Sogndal
2. Forankring av politiråd i politiet og kommunane Luster og Sogndal		

¹ Politiets årlege statestikk på kriminalitetsutvikling vil ta føre seg heile gamle Sogn og Fjordane, slik at ein må spesifikt bestilla rapportar om den enkelte kommune frå etterretningskontakt.

Tiltak 2-1 Forankring av Politiråd i politiet og kommunane Luster og Sogndal	Medlemmane i Politirådet har ansvar for å forankre Politiråd gjennom aktive og konkrete tiltak i kvar sin organisasjon, planverk, osv. <i>Ref. politirådsavtalen pkt. 5-2.</i>	Ordførar Rådmann Politi
Tiltak 2-2, osv.	Evt. fleire tiltak basert på kunnskap og kompetanse om oppvekst og kriminalitetsbilde (ref. punkt 1 i handlingsplanen)	Kommune, politi, osv.
3. Eit trygt og inkluderande miljø for barn og unge		
Tiltak 3-1 Førebyggjande arbeid – skulane/barnehagane	Politiet bidreg med råd, føredrag og informasjon til/på skulane etter fastsett plan/avtale. <u>Felles tiltak for kommunane:</u> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Politibesøk 6 års gruppene i alle barnehagar: Tema; venskap, hemmelegheiter, kroppen min, vold m.m. ➤ Politibesøk til alle elevar i 5 klasse. Tema; nettbruk , venskap, sette grenser for eigen kropp, kven er nettvenner og kven chattar du med?, chattegrupper – alle må få vere med, m.m. ➤ Politiet besøker ungdom med foreldre på 8. trinn. tema; Er det DELBART? ² ➤ Politiet prioriterer også å komme på foreldremøta. <p>Politiet vil nytte resultatane frå ungdomsgranskninga i dialog med elevar og deira foreldre. Politiet ynskjer sterkt fokus på førebyggjande arbeid og vil vere på tilbodssida.</p> <p>Dette styrkar samarbeidet og ein betre tverrfagleg og tidlig innsats retta mot born og unge.</p> <p><i>Ref. politirådsavtalen pkt. 5-3.</i></p>	Politi
Tiltak 3-2 Førebyggjande arbeid – skulane/barnehagane	Kommunane har fleire førebyggjande program og tiltak: -MOT -Zippys venner -Kule Krabatar leikar -"Alle med " -PIS grupper -Foreldrekurs COS/DUÅ - M.m	Kommune v/ helsestasjon og skulehelsestjenesten
Tiltak 3-3 Nattugler	Rekruttering er fast i 8-9 klasse på foreldremøte. Det er flott at ordførarane stiller opp natt til 1.mai. Dette gjev ein særskild god signaleffekt. Vi er og heldige med at det har vore ei stabil leiargruppe på 4-5 stk som har vore med frå starten. Frivilligsentralen i Sogndal er sekretariat	Ungdomsavdelinga i Sogndal kommune, Oppvekst/Ungdomsskulane i Luster kommune

² Delbart? Nytt i 2019, foredrag for 8. klasse og med foreldremøte same kveld.

	og det fungera godt. Økonomien er og god og ein får støtte av fleire bankar og kommunar.	
Tiltak 3-4	Tiltak basert på kunnskap og kompetanse om oppvekst og kriminalitetsbilde i Sogndal og Luster.	Alle
Tiltak 3-5, osv.	Evt. fleire tiltak basert på kunnskap og kompetanse om oppvekst og kriminalitetsbilde (ref. punkt 1 i handlingsplanen)	Kommune, politi, osv.
4. Førebygging - utsette grupper		
Tiltak 4-1 Førebygging av radikalisering og voldeleg ekstremisme	Kommunane skal sikre at færrest mogleg fell utanfor fellesskapet. Tema skal være fast punkt på dagsorden på møta i Politiråd. Det skal vere låg terskel for å ta kontakt med politiet. Tiltak blir løpande vurdert. Vedlegg:  Handlingsplan.pdf  Rettleiar.pdf <i>Ref. politirådsavtalen pkt. 5-4</i>	Politiråd
Tiltak 4-2 Ungdom og alkohol	Her har fleire samfunnsaktørar eit ansvar, Ev. informasjon/føredrag på skulane.	Politi Oppvekst kommune Ruskonsulent i kommunen Frivillige org. Næringsliv Foreldre
Tiltak 4-3	Samarbeid mellom kommunane om "Livsmeistring robuste barn og ungdom". Her vil barn og unge sine vanar på nett vera viktig tema. Viktig med foreldreinvolvering her.	Kommune Politi
Tiltak 4-4	Førebyggja vald i det offentlege rom, i stor grad knytt til skjenkeplassar og arrangement i kommunane. Samarbeid med utelivsbransjen. Skjenkekontroll, godkjenning av vakter, skjenkeløyver osv.	Kommune Politi
Tiltak 4-5, osv.	Evt. fleire tiltak basert på kunnskap og kompetanse om oppvekst og kriminalitetsbilde (ref. punkt 1 i handlingsplanen)	Kommune, politi, osv.
5. Tett oppfølging av utsette grupper		
Tiltak 5-1 Bekymringssamtale og oppfølgingssamtale	Politiet brukar strukturerte samtaleverktøy i møte med ungdom og deira føresette om risikoåtferd og kriminalitet. Bekymringssamtalen vert brukt i politiet sin fyrste samtale med ungdom under 18 år som har gjort lovbrøt og skal blant anna kartlegge og identifisere risiko- og beskyttelses faktorar i den unge sitt liv i forhold til kriminalitet, samt kva instansar familien har vore i kontakt med. Mistenkte, og barn under den kriminelle lågalder kan og bli innkalla til bekymringssamtale. Samtalen blir registrert og arkivert etter krav i instruks	Politi

	<p>"register for bekymringssamtalen" og innsynsreglar heimla i lov om straffeprosess.</p> <p>Politiet gjennomfører også samtaler med vaksne der ein ser behov for korrigerende av uønskt åtferd.</p> <p><i>Ref. politirådsavtalen pkt.5-4</i></p>	
<p>Tiltak 5-2 Ungdomskontrakt</p>	<p>Påtaleunntatelse med ungdomskontrakt er ei alternativ straffereaksjon ved lovbrøt. Målgruppa er unge mellom 15 og 18 år. Målet er å snu ein negativ utvikling og hindra nye straffbare handlingar. Ein jurist hjå politiet vurderer om påtaleunntating med ungdomskontrakt er eigna reaksjonsform.</p> <p>Særs gode resultat for dei ungdommane som har vore på ungdomskontrakt i kommunane.</p>	Politi
<p>Tiltak 5-3 Ungdomsoppfølging</p>	<p>Målgruppa er unge lovbrøytarar mellom 15 – 18 år. Ungdomsoppfølging er aktuelt når det er oppfølgingsbehov og blir tilbydt blant anna der ein antek at det er sannsynleg at vedkommande vil begå nye straffbare handlingar. Øvre grense for gjennomføringstid er eit år.</p>	Konfliktrådet
<p>Tiltak 5-4 Ungdomsstraff</p>	<p>Målgruppa er unge lovbrøytarar mellom 15-18 år som blir dømt ubetinga fengsel/strengare samfunnsstraff, men som kan gjennomføre ein reaksjon i friheit forutsett tett oppfølging. Gjennomføringstida er normalt mellom 0,5 til 2 år. Maksimal gjennomføringstid er tre år. Ungdomsstraff inneber mobilisering av nettverket rundt ungdommen, ungdomsstormøte, utarbeiding av ungdomsplan og oppfølging av planen. Det er eit oppfølgingsteam rundt kvar ungdom. Kriminalomsorg i fridom og politiet si deltaking i oppfølgingsteamet er nødvendig.</p>	Konfliktrådet Kriminalomsorg i fridom Politi
<p>Tiltak 5-5, osv.</p>	<p>Evt. fleire tiltak basert på kunnskap og kompetanse om oppvekst og kriminalitetsbilde (ref. punkt 1 i handlingsplanen)</p>	Kommune, politi, osv.